

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 23.03.2021

Noralv Distad (H) sette på vegner av A, H, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Tillegg

Hovudutval for næring ser det som viktig å søkja prosjekt- og finansieringsmoglegheiter knytt til marin satsing og tiltak for å få tilbake trafikk og vekstkrift for eit berekraftig reiseliv.»

Avrøysting

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Distad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for næring vedtek prioriteringane av internasjonalt samarbeid som ligg i sakå på avdeling for innovasjon og næringsutvikling sine ansvarsområde.
2. Hovudutval for næring ber utvalsleiar, i dialog med administrasjonen, vurdere ei forsterka politisk deltaking i dei europeiske organisasjonane kor Vestland fylkeskommune er medlem
3. Det skal leggast fram årleg rapport om gjennomføring av strategien som grunnlag for budsjettarbeid.
4. Hovudutval for næring ser det som viktig å søkja prosjekt- og finansieringsmoglegheiter knytt til marin satsing og tiltak for å få tilbake trafikk og vekstkrift for eit berekraftig reiseliv.